

FORELDREMØTE

8. trinn

Vardheia ungdomsskule

August 2026



Praktisk – Kreativ – Digital



Program for kvelden

1

Karakterar, nærvær

Rektor Eirik Jåtten

2

Ungdommens digitale liv

Helsesjukepleiar ved skulen

3

Klassevis møte

Kontaktlærarane – i klasseromma

Del 1 er felles for heile trinnet. Del 2 er klassevis.

Karakterar på ungdomstrinnet



- Frå 8. trinn får elevane karakterar, på skalaen 1–6.
- Karakter til jul og til sommaren. Resten av året får dei vurdering utan karakter.
- Alt på 8. trinn er undervegsvurdering. Standpunkt blir sett først på 10. trinn – unntaket er valfag.
- Orden og åtferd blir vurdert for seg, og tel ikkje med i karakteren i faget.
- Mange elevar set høge krav til seg sjølv. Nokre gonger må me hjelpa dei med å seie at noko er godt nok.

God arbeidsinnsats er aldri bortkasta!

Slik blir karakteren til

Ein karakter er ikkje eit gjennomsnitt av prøver. Den er eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget – slik me har jobba med det i tre år no.



Klasserommet er eit øvingsrom, ikkje eit prøverom.

Difor øydelegg ikkje ein dårleg dag karakteren – og ein god prøve er ikkje nok.

Nærvær og fråvær

Me er heilt avhengige av at eleven kjem på skulen. Undervisning, rettleiing og vurdering skjer i timane – er ikkje eleven der, kan me korkje læra bort eller sjå kva eleven kan.

Skulen grip inn når me er urolege. Dette er definert som alvorleg fråvær:



Meir enn 25 % fråvær i løpet av 2 veker



Problem med å delta i timane i minst 2 veker



Høgt gyldig fråvær: meir enn 10 dagar fråvær i periodar på 15 veker i skuleåret, eller i halvåret




Udokumentert fråvær frå enkelttimar eller fag, gjerne med eit mønster



Eleven kjem for seint 3 gonger eller meir på ein månad



Eleven kjem på skulen, men går heim igjen utan tydeleg årsak



Me må jobba saman

Dette gjer skulen

- Alle lærarane fører frávær for sine elevar kvar dag.
- Kjem ein elev ikkje på skulen og me ikkje har fått beskjed, tek me kontakt med føresette same dag.
- Har føresette meldt inn fráværet, tek me kontakt når fráværet blir ut over 3 dagar.
- Oppfattar lærarane på trinnet signal eller fráværsmønster som gir grunn til uro, tek dei kontakt med føresette.

Dette gjer føresette

- Sørg for at barnet ditt kjem på skulen kvar dag – og når dagen kjennest tung.
- Meld frå same dag om barnet ditt ikkje kjem på skulen, og gi beskjed dersom fráværet varer fleire dagar.
- Ta kontakt med skulen om barnet ditt viser vegringsåtfærd mot skulen.
- Ta kontakt og informer om endringar i heimesituasjonen som kan påverka barnet i skuletida.

For elevar som av naturlege årsaker har mykje frávær, gjeld individuelle avtalar for oppfølging.

Trygt og godt skulemiljø

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.»

Opplæringslova § 12-2

1

Nulltoleranse

Skulen har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering, trakassering og andre krenkingar.

2

Aktivitetsplikt

Alle som arbeider på skulen skal følgje med, gripe inn, varsle rektor, undersøkje saka og setje inn tiltak (§ 12-4).

3

Sei frå til oss

Ta kontakt med kontaktlærar eller rektor. Blir saka ikkje løyst, kan de melde ho til Statsforvaltaren etter at ho er teken opp med rektor.

Kven kontaktar de om kva?

1

Kontaktlærer

Første kontaktpunkt. Trivsel, fråvær, kvardagen i klassen og samarbeidet rundt eleven.

2

Faglærer

Spørsmål som gjeld eit enkelt fag – vurdering, arbeidsmengd og oppfølging i faget.

3

Avdelingsleiar eller rektor

Saker som ikkje lèt seg løyse med læraren, eller som gjeld skulen sitt arbeid meir generelt.

Start alltid med kontaktlærer. Då kjem saka raskast dit ho høyrer heime.

Det viktigaste de gjer heime



Vis interesse

Spør om skuledagen – ikkje berre om karakterane.



Søvn og skjerm

Ein trøytt elev lærer lite. Rutinar heime betyr mykje på ungdomstrinnet.



Meld frå tidleg

Både om fråvær og om ting som er vanskeleg. Vi treng å vite det.



Snakk godt om skulen

Også når de er ueinige med oss – ta det heller direkte med læraren.